


# Samfundsmøte 14.11.09



## Velferdsstaten

### Beslutningsprotokoll

#### 1. Møtet er satt

#### 2. Styreprotokoll

Dagsorden vart godkjent.

Frå Styret sin protokoll vart følgjande meddelt:

*Styret innstiller Martin Svarva, Hallvard Kaupang og Siri Syrtveit til Rådet. Valget vil vera på Samfundsmøte laurdag 21. november.*

*D-sak 04-09: "Styret har vedteke å henlegge anmeldinga av medlem nr 029269 og nr 036628 på bakgrunn av mekling partane i mellom."*

#### 3. Kunstnerisk ved TSS

TSS sang to songar.

#### 4. Debatt

Leiv-Erik leia debatten og det var også spørsmål frå salen undervegs. Debattantar var Trine Skei Grande, Harald Nissen, Sigurd Bjørnstad, Svein-Olav Aarlott.

LEØ: Kor alvorleg/omfattande er eldrebølga?

TSG: Antal eldre aukar, sjukehusbelastninga aukar, antal trygdeordningar aukar. Dette krev stadig meir. Me treng større kommunar som har større kompetanse.

SB: Me kjem til å bli dobbelt så mange eldre. Sjukepengane aukar, dette kan ikkje fortsetje. Sjansen er stor for at noko kjem til å bryte saman.

SOA: Me treng eldre, det er flott. Me bør betale for oss sjølve.

HN: Me har heilt andre forutsetningar for å ha velferdsstaten enn andre. Sjukehusa sprenger budsjetta. Kvar går velferdsstatens grenser?

LEØ: Er velferdsstaten blitt for god?

SB: Ein må kutte dersom ein skal møte krava som kjem.

SOA: Produktiviteten i Norge har auka stort.

SB: Me veit kva me står ovanfor.

LEØ: Kan me fortsetje å auke i det uendelege?

TSK: Me må ha makt ned i systemet.

HN: Kva som skal gjerast privat/offentleg, er ei vanskeleg grense.

Eivind Rindal: Ønsker me velferd? Kvifor ikkje? Verdiskaping i offentleg vs privat?

Eivind Rindal: Korleis skal dei eldre bidra til BNP når dei ikkje ha pengar?  
TSG: Velferdsstaten sin største trussel er å seie at alt er perfekt.  
SB: Norge har betre utgangspunkt, men nokon må blø.  
SOA: Velferdsstaten er ikkje om pengar – meir makt til arbeidsplassane.

## 5. (Pause)

## 6. Debatt

Reklamefilm for Samfundet vart vist rett etter pausen.

Eirik Vikum: Kven skal tale dei unge si sak i kampen mot dei eldre?

Svar: Dei må tale saka sjølv!

Ole Kristian: Kan dei som vil få lov til å jobbe? I dag vert nokre tvinga til å gå av med pensjon.

Harald Røset: Familiefar vil i framtida få meir forpliktelsar i framtida for å oppretthalde velferdsstaten?

Bjørn Kristian Rødal: Kvar krone staten brukar, er ei krone tatt i skatt.

Erlend Sand: Er politikken som er for svak i trepartsfløyen?

LEØ: Har fagforbundet for stor makt?

## 7. Forslag til kampfondsbevilgning

Styret fremma følgjande forslag:

*Studentersamfundet i Trondhjem samlet til Samfundsmøte 14. november 2009 vedtar en kampfondsbevilgning på kroner ti tusen – 10 000 – til kampanjeorganisasjonen [Stopp datalagringsdirektivet](#).*

Ytringar frå salen:

Eivind Rindal: Kvifor skal me gjere dette?

Ole Martin Kristensen: Kva er kampfondet?

Norvald Ryeng frå Rådet forklarte vedtektene.

Stemmer:

104 for

16 blankt

3 mot

Studentersamfundet i Trondhjem vedtok ei kampfondsbevilgning på 10000 kr til kampanjeorganisasjonen Stopp datalagringsdirektivet.

## 8. Politisk femminutt

Eivind Rindal: Er dagens studentar meir eller mindre engasjerte enn 68-arene?

## 9. Eventuelt

Svein Halvor Halvorsen: Vinnar av Lychemiddag er Borghild B.

Kjetil Torset Voldaug: Film kl 19.00 i morgon i Storsalen, Antipoetisk poesi på tysdag og improteater på torsdag.

Eivind: Fotogjengen har ryddesal kl 18.00 i Strossa.

**10. Kritikk av møtet**

Magnus Henriksen kritiserte framlegginga av kampfondsbevilgninga.  
Svein Halvor Halvorsen kritiserte for få kvinner på talarstolen.

Applaus!

**11. Møtet er heva**